



PROTOKOLL

TELEFONSTYREMØTE

2. MAI 2014 (3/14)

SØR-NORGES NOTFISKARLAG

Det blei halde telefonstyremøte i Sør-Norges Notfiskarlag tirsdag 2. mai 2014.
Møtet tok til kl 1300.

Følgjande deltok: Tore Hillersøy, leiar
 Arild Sekkingstad
 Johnny Magne Sjo
 Magne Rosså
 Øystein Waage v.m. for Elling Røttingen

Sekretær: Britt Sæle Instebø

- - - - -

Følgjande sakliste blei lagt fram:

SAK 06/14 Strukturkvoteordningar i fiskeflåten – vidare vurderingar – anmodning om innspel frå medlemslaga.

- - - - -

**SAK 06/14 STRUKTURKVOTEORDNINGAR I FISKEFLÅTEN – VIDARE
 VURDERINGAR – ANMODNING OM INNSPEL FRÅ MEDLEMSLAGA.**

VEDTAK:

«Styret i Sør-Norges Notfiskarlag viser til brev av 02.04.14 frå Norges Fiskarlag vedkomande «Strukturkvoteordningar i fiskeflåten – vidare vurderingar – anmodning om innspill fra medlemslagene.»

Det er viktig at Regjeringa tilkjennegev sitt syn i høve omsetjing av kvotar, «ein må kalle ein spade for ein spade».

Det må då gjevast klar instruks til Fiskeridirektoratet slik at strukturering ved splitting av kvotar/båtar blir gjennomførbart på ein mykje enklare måte enn dagens ordning.

Styret konstaterer at ulike grupper i havfiskeflåten har fått auka struktur, og at det kjem på høyring saker om auka struktur i andre grupper i havfiskeflåten i nær framtid. Styret meiner at det er viktig at kystgruppa ikkje hamnar i bakleksa i høve til dei andre gruppene, òg andre næringar, når det gjeld lønsemnd, spesielt i høve til å tiltrekkje seg mannskap.

Styret er kjent med pressemeldinga frå Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) av 29.04.14 der NFD gjev kystflåten under 11/13 m tilbod om strukturering.

Ein forutset at ein får den til ordinær høyring.

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag vil igjen peike på at då ein har fylkesbinding i torskefisket nord for 62°N gjev det eit veldig skjeivt grunnlag for struktur elles i landet der det er få torsk kvotar. I følgje ein av styremedlemene har ein i Hordaland i gruppa over 21 m tre 90-fots torsk kvotar, ein 70-fots kvote, og ein strukturkvote på 24-25 m. Styret i Sør-Norges Notfiskarlag meiner at alle landets fiskarar i same reguleringsgruppe må handsamast likt i reguleringsssamanheng, dvs. fjerne fylkesbindinga.

Om fylkesbindinga likevel blir oppretthalde må ein ha fleksible ordningar/
spesialisering innafor taket på struktur.

Styret meiner at dagens tak på totalt 6 (3+3/ 4+2) , for fartøy med heimslengde over
15, m er høgt nok. Om ikkje fylkesbindinga blir oppheva må ein òg kunne ha 5+1.
Ein meiner òg at taket bør liggje fast i 8 år.

Styret meiner òg at det bør vere tilstrekkeleg med to grupper i struktursamanheng,
heimslengde 0-14,99 m og 15-27,4 m/ 0-12,99 m og 13-21,35 m.

I tillegg må avkortinga fjernast då det er tidsavgrensa kvotar..»

- - - - -

Møtet var slutt kl. 1400.

Tore Hillersøy
leiar

Arild Sekkingstad

Johnny Magne Sjø

Magne Rosså

Øystein Waage

Britt Sæle Instebo, sekretær